

Styremøte Sirdal bygdekvinne lag 20.02.17

Til stades: Anita Haugen, Helin Morel, Karine Tjørhom Myhra, Solveig Marie Ådneram og Åse-Berit Fidjeland

Meldt forfall: Gro Nilsen

Sak 6/17: Aktivitetar framover

Sunn matglede blir 7. mars kl. 18.00 på Sinnes skule.

Ville vekster blir 14. mars kl. 19.00-21.30 på Kvæven.

Basar blir 17. mars kl. 18.00-21.00.

Overskotet går til Øvre Sirdal leitegruppe som treng ryggbåre. Hugs å oppfordra til å levera inn varme, avlagde klede til bruk for dei som har gått seg bort! Gjerne òg ullteppe og soveposar.

Hovudgevinsten blir benk frå Sirdal sag, og fleire i styret har fått inn gevinstar til basaren få næringslivet, men nokre står att, og Karine sjekkar ev. gevinstar frå Klippestova og Tonstad massasje & velvære.

Loddbøkene blir lagt ut på butikkane før 24. februar, og det er lurt om nokon byrjar å ta lodd, slik at kjøparane ser at ein fører opp alle lodda, ikkje berre kjøpesummen!

Linedancekurset blir ved Dag Alexander Kirknes Wien 31. mars og 1. april på Sinnes skule. Han skal ha kr. 4000,- + køyring, så me satsar på kursavgift for medlemmar kr. 250,- og for ikkje-medlemmar kr. 400,- (vipps #90623). Aldersgrense er 15 år. Fredag 31. mars kl. 18.00-21.00 og laurdag 1. april kl. 10.00-16.00. Me satsar på sal av lappar og frukt & grønt, ev. sponsa av Tine og Bama.

Hugs at m.a. bygdekvinne laget har avtale med Tine, Bama og Nortura om å få sponsa varer til ulike arrangement.

Sak 7/17: Om fylkesårs møtet RBK

- velkomengåve blir gebursdagskalender med damer frå Bjerkreim bygdekvinne lag - noko SBK ikkje er heilt nøgd med, sidan det ikkje representerer begge bygdekvinne laga!

- varaordførar Egil Netland opnar fylkesårs møtet

- underhaldning:

Før opninga: "Sirdalssongen" v/1.-4. og Sølvi på Sinnes skule

Anita spør Magnar om å halda føredrag

Solveig Marie sjekkar om Ane Victoria Haugom og Juliane

Kydland kan synga, ev. Anne Margrete Vikeså

- gåve til underhaldarane kan vera trefjøl frå ASVO m/tekst og matvarer (geitepølse m.m.), ev. stein m/tekst frå Ullstova og matvarer. Anita fiksar dette!
- Sølvi har sagt ja til å skrive allsong
- SBK har ingen saker å melda inn til årsmøtet
- Delegatar frå SBK blir Solveig Marie Ådneram og Åse-Berit Fidjeland med Anita Haugen som "vara". Solveig Marie melder på.
- Solveig Marie sjekkar lokale annonsørar; Sirdal kommune, Sira-Kvina kraftselskap, Sinneshyttå og Sirdal høvfjellshotell

Sak 8/17: Nye innbuarar

Helin har ordna velkomstblom og -skriv til Monica i Nesset og Åse-Berit jobbar med blom til Ingvild Josdal og Roy Aatland på Skeie.

Sak 9/17: Anna

- a) Anita har søkt kommunen om kr. 15 000,- i tilskot med vekt på at SBK er medarrangør av fylkesårsmøtet til RBK i 2017.
- b) Solveig Marie har skrive rapport om Bygda i bevegelse, og sender sekretæren eit eksemplar.
- c) Åse-Berit melder bygdekvinnelaget på Suppefestivalen 2017 der me satsar på rabarbrasuppe som vanleg. Karine og Åse-Berit er ansvarlege.
- d) Hugs fjosopning hos Birgitta og Anders 21/2-17 kl. 17.00-19.00!
- e) Hugs at det er gratis for lag og foreiningar å annonsera i Bondevennen!